

Godord om Dønhaug, to løyver vart til eitt

07.06.2007



Frå synfaringa på Dønhaug torsdag føremiddag: Anne Berit Huglen leiari politikarane (Foto: Ola Matti Mathisen)

Mange godord vart sagt om Dønhaug Gjestegard i formannskapet torsdag og Magne Huglen vann ein liten siger då politikarane med knappest mogeleg fleirtal (seks mot fem) reduserte talet på skjenkeløyver frå to til eitt.

Det var i tråd med Huglen sin søknad.

Men verten har likevel vondt for å sleppa jubelen laus. Han seier til uskedalen.no at han framleis er like forvirra når det gjeld talet på personar som han har lov til å skjenkja på låven. - Er det 300 eller 495, spør han. Til politikarane sa han at han ikkje makta å tolka framleggjet til vedtak, og han fekk altså ikkje noko tilfredsstillande svar på denne oppmodinga: - Hjelp meg med å klarleggja kor mange eg kan ta imot på garden min!

Formannskapet vedtok samrøystes framleggjet frå rådmannen om å oppretthalda tidlegare vedtak om talet på gjestar i låven. Og det er 250-300 når skjenkeløyvet vert nytta, heiter det i vedtaket. Samstundes sa alle politikarane nei til permanent utvida skjenketid frå midnatt til klokka eitt ved uteservering.

Det var Framstegspartiet, den eie Sp-representanten, Uavhengig Sentrum, Høgre og den no uavhengige representanten Torfinn Myklebust som røysta for eitt løyve medan Tverrpolutisk Samlingsliste, den andre Sp-representanten, Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og SV gjekk inn for rådmannens framlegg om å behalda to.



Magne Huglen (sittande til venstre) fekk

Før handsaminga var politikarane på synfaring og opplevde gjestegarden og Uskedalen på sitt vakraste, med dyr på grøne jorder. Anne Berit Huglen viste rundt og svara på spørsmål fordi mannen ikkje hadde fått permisjon frå eksamen. Men han var til stades og svara på spørsmål då saka kom opp i formannskapet seinare på dagen.

lov til å svara på spørsmål i
formannskapet seinare på dagen. (Foto:
Ola Matti Mathisen)

Ordførar Bjarne Berge (TS) gjekk inn for to løyver og minna om at det er fleire liknande plassar i Kvinnherad med fleire løyver. Til det sa Ole Torbjørn Holmedal (Frp) at det er unaturleg å samanlikna med til dømes Baroniet fordi skjenkestadene der ligg langt frå kvarandre.

I spørjerunden ville ordføraren veta korleis Huglen ville handla hvis det kom 100 eller 150 som ville inn i Dønhaugkjellaren eller ha servering ute etter klokka 12. Huglen viste til grensa på 65 for kjellaren og forbodet mot servering etter midnatt.

Torgils Våge (Sp) hadde gode ord om Dønhaug.

- Det er fint oppে hos Huglen og staden har fått ein flott ansiktsløfting, sa han, men la til at sperringane var svake. Til det svara Huglen at sperringane er heilt lukka under arrangementa.
- Når det er store arrangement fordelar folk seg jevnt over heile området og mange er på vandring. Det er som på ein festival, forklara verten.

Knut Prestnes (Sp) hadde under synfaringa fått eit heilt anna bilet av dei faktiske tilhøva på Dønhaug. Han meinte at ein ved å operera med eitt løyve ville oppnå ein heilt annen fleksibilitet enn no.

- Dønhaug har fått eit positivt omdømme langt utover kommunegrensene, sa Prestnes. Og synet av nyfødde kalvar under synfaringa hadde varma hans Sp-hjarta.

Ingrid Skeie (H) kunne ikkje forstå kvifor det skulle vera to løyver og fann ikkje noko i lova som tilsa det.

Varaordførar Otto Benjaminson (KrF) tala også vakkert om Dønhaug, men gjekk inn for to løyver av omsyn til kontrollen.

Ordføraren sa det var viktig å ikkje å utløysa 50 nye søknader om andre driftsformer. Han sa at den største utfordringa for drivaren er ved midnatt når det kanskje er fullt både inne og ute.

Synnøve Solbakken (A) sa at synfaringa hadde vore avklarende, men ho ville røysta for rådmannen sitt framlegg.

Også ho heldt fram at Dønhaug var ein vakker stad og roste satsinga der. Det same gjorde Holmedal, som sa det var fint at nokon får til ny aktivitet og syner kreativitet innan landbruksnæringa.

Om satsinga på eitt løyve sa han at det vil lette driftsopplegget.

- Uansett må drivaren ha kontroll ved porten og sørga for at det ikkje kjem inn for mange ved midnatt, sa han.

Av Ola Matti Mathisen



To som ikke var samde framfor låven: Knut Prestnes og Synnøve Solbakken. (Foto: Ola Matti Mathisen)